

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
067/2015	Formannskapet i Radøy	PS	15.09.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	14/332	15/9764

Plansak 12602012000900 - Områdeplan Bøvågen - drøfting av vidare prosess

Saksopplysingar:

Formannskapet i Radøy - 067/2015

FS - handsaming:

Leiar teknisk forvaltning, Tonje Nepstad Epland, orienterte om områdeplan for Bø og utfordringane som har oppstått i samband med varsel om motsegn frå Fylkesmannen i Hordaland. Om kommunen vel å gå vidare med planen som ei områderegulering, vil arbeid med arkeologiske og marinarkeologiske registreringar kosta kommunen rundt 1,3 mill. kroner. Alternativet er å konvertera planen til ein kommunedelplan, då vil det ikkje koma krav om arkeologiske og marinarkeologiske registreringar. Ein kommunedelplan vil kunna opna for direkte utbygging i nokre av dei eksisterande byggeområda, men det vil vera krav om detaljregulering i nye område.

Formannskapet ynskjer å gå vidare med planen som ei områderegulering. For å koma vidare ønskjer formannskapet å få til eit spleiselag mellom aktuelle interessentar/grunneigarar i området for å dekkja kostnad med arkeologiske og marinarkeologiske registreringar. Formannskapet peika på at alternativet med å konvertera planen til ein kommunedelplan vi føra til at grunneigarane sjølv må ta kostnaden både med regulering og arkeologiske registreringar for eigen eigedom, og at det såleis vert ei dyrare løysing for grunneigarane.

Det vart sett fram følgjande framlegg i møtet:

Formannskapet ber rådmannen gå i dialog med aktuelle interessentar/grunneigarar om eit spleiselag knytt til kostnader med arkeologiske og marinarkeologiske utgravingar i planområdet.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møte.

FS - vedtak:

Formannskapet ber rådmannen gå i dialog med aktuelle interessentar/grunneigarar om eit spleiselag knytt til kostnader med arkeologiske og marinarkeologiske utgravingar i planområdet.

Vedlegg:

Plansak 12602012000900 - Bøvågen - Områdeplan for Bøvågen - samordna uttale med motsegn
Samordna uttale med motsegn i sak Offentleg ettersyn - Radøy - Bøvågen

BOVSVV1

BOVSVV2

Arkeologiske og marinarkeologiske registreringar

Arkeologiske og marinarkeologiske registreringar – oversending av kostnadsoverslag til godkjenning

Kostnadsoverslag - arkeologiske registreringar - Bøvågen områdeplan - Radøy kommune

Kostnadsoverslag - marinarkeologiske registreringar - Bøvågen områdeplan - Radøy kommune